



Arkivnr: 2015/11453-83  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		05.05.2017

## Endring av instruks for lokal klagenemnd for Fagskolane i Hordaland

### Samandrag

I samband med Fagskolen i Hordaland sin søknad om utdanninga CNC og robotteknologi har NOKUT gjort ei vurdering av instruks for den lokale klagenemnda, og det er på bakgrunn av dette naudsynt å gjere ei endring. NOKUT peikar på at det ikkje går fram av instruksen at leiar av nemnda og vara ikkje kan vere tilsett ved institusjonen og at dette må vere omtalt.

### Forslag til vedtak

Instruks for lokal klagenemnd for Fagskolane i Hordaland vert vedteken slik det kjem fram av saka.

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Opphavelg instruks for lokal klagenemnd for Fagskolane i Hordaland

**Fylkesrådmannen, 20.04.2017**

I samband med søknad frå Fagskolen i Hordaland om utdanninga CNC og robotteknologi har NOKUT gjort ei vurdering av instruks for den lokale klagenemnda, og det er på bakgrunn av dette naudsynt å gjere ei endring. NOKUT peikar på at det ikkje går fram av instruksen at leiar av nemnda og vara ikkje kan vere tilsett ved institusjonen, og at dette må vere omtalt.

Forslag til ny instruks for den lokale klagenemnda:

**Instruks for lokal klagenemnd for Fagskolane i Hordaland**

Styret for Fagskolane i Hordaland opprettar lokal klagenemnd med 5 medlemmer med personleg vara. Leiar og vara for leiar skal fylle dei lovbestemte krava for lagdommarar og ikkje vere tilsett ved Fagskolane i Hordaland. To av medlemmene skal vere studentar. Den lokale klagenemnda innrettar seg etter fagskulelova og føresegner i forvaltningslova om habilitet i §§ 6 - 10, og om teieplikt i § 13 - 13 e, samt forskrift for Fagskolane i Hordaland.

Den lokale klagenemnda for Fagskolane i Hordaland skal handsame klager som er fremma etter enkeltvedtak gjort ved ein av fagskulane som underinstans (t.d. klager på opptak, avslag på søknad om fritak og innpassing, formelle feil ved eksamen m.m.). Forvaltningslova kapittel III -I VI og VIII gjeld for avgjerder om opptak, avsluttande vurdering, annullering av eksamen, bortvising, utestenging, skikkavurdering, innpassering og fritak. Vedtak som er fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak, er endeleg og kan ikkje påklagast.

Den lokale klagenemnda kan også fatte enkeltvedtak på vegner av styret etter §§ 9, 10, 11 og 12 i fagskulelova. Enkeltvedtak etter desse paragrafane vert gjort etter at sak er fremma av ein av fagskulane. Den lokale klagenemnda er underinstans, og Nasjonal klagenemnd for fagskuleutdanning er klageorgan for klager etter desse paragrafane.

I saker der ein av fagskulane er underinstans, skal fagskulen sørge for at klaga er ordentleg opplyst. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga utfører sekretariatsfunksjonen for den lokale klagenemnda i alle saker.